



Storsatsing for koret

AUSTRHEIM: Set av datoen 22. oktober, då er det første av fire kveldar for Austrheim songlag si storsatsing i år. Øvingane er godt i gang, får Nh opplyst. Ytterlegare omtale av arrangementet vil koma i Nh når det nærmar seg.



Musikkhus i ungdomshuset

RADØY: Høgst truleg går det mot ei løysing der Manger Musikklag og skulemusikklag går inn på ein ti års leigekontrakt for ungdomshuset Solvang. Dette løyser dermed striden som har gått i fleire år om øvingslokale for korpsa. Det var ordføraren som kunne opplysa dette i kommunestyret torsdag.



Skriv biografi om prost Dahl

GULEN: Pensjonerte journalist i Bergens Tidene, Inge Sellevåg, skal skriva biografi om tidlegare prost i Gulen, Nils Griis Alstrup Dahl. Han er kjend i Gulen som den store samfunnsbyggjaren. Biografien skal vera ferdig til grunnlovsjubileet i 2014, og forfattaren er interessert i å koma i kontakt med folk som kan sitte på dokument eller gjenstandar, som kan kaste lys over Prost Dahl.

Satsar tungt i Meland

MELAND: Liegruppen satsar stort på næringsutvikling i Meland. Eit område som tilsvarar 150 fotballbaner skal bli til Mjåtveit næringspark.

Liegruppen skal utvikla 100 mål med næring

ARTHUR KLEIVELAND
arthur@nordhordland.no



Innan eitt år kan det første næringsbygget stå ferdig i den hundre dekar store næringsparken mellom Dalstø og Mjåtveit, to kilometer frå Frekhaug senter.

SPENNANDE: –Meland er eit attraktivt område for næringsutvikling, seier Lene Haug, dagleg leiar i Mjåtveit næringspark.

Området er regulert både til forretning, kontor og industri. Alt frå bilforhandlar og møbelkjede, til hagesenter, treningsenter og

lette industri kan bli etablert her. Her skal også NGIR sin miljøstasjon etter planen koma.

– Alt for vi er skikkeleg i gang har vi merka god interesse. Her kjem det til å skje mykje spennande framover, seier Lene Haug, dagleg leiar i Mjåtveit næringspark AS, eit heileigd selskap i Liegruppen.

Ikkje konkurrent til senteret

Haug framhevar at næringsparken ikkje skal bli konkurrent til Frekhaug senter. Difor blir det heller ikkje opna for mindre butikkar, men meir plasskrevande forretningsaktivitet.

Det er fleire grunnar til at Liegruppen har overtatt det over hundre dekar store området.

– Meland er eit veldig spennande satsingsområde og har eit



100 DEKAR NÆRING: Det er klart for stor utbygging av forretning, kontor og industri i det hundre dekar store næringsområdet mellom Mjåtveit og Dalstø. Det er Mjåtveit næringspark AS - eit selskap i Liegruppen, som eig og skal utvikla området.

stort potensiale for vidare vekst. Liten plass til næringsutvikling i Bergen gjer at det store vekstpotensialet ligg i omegnskommunane, og då blir Meland eit veldig attraktivt område kort veg frå byen, seier Lene Haug.

Dagleg leiar i Mjåtveit næringspark er også godt tilfreds med kommunen si satsing på å tilrettelegga for næring.

– Vi har blitt tatt veldig godt imot. Det er viktige faktorar for kvar vi engasjerer oss, seier Lene Haug.

Også fleirbruksbygg

Også Næringsparken blir tilrettelagt både for små og større verksemdar. Her er plass til store aktørar og offentlege føremål, og samlokalisering av mindre

bedrifter som treng kontor og verkstadlokale.

– Det blir ei fleksibel utnyttning av arealet. Noko skal vi byggja ut sjølv som utleigebygg, andre igjen vil byggja sjølv, seier Haug. Fylkesmannen har godkjend reguleringsplanen, prosjekteringa er igang, og i løpet av få veker startar arbeidet med tilrettelegging av området.

Liegruppen driv også med eigeidoms- og næringsutvikling i Bergen og i fleire omegnskommunar, som til dømes på Ågotnes, Straume og Os. Selskapet er også tungt inne i Hansaparken i Bergen.

– I Meland har vi ein visjon om å bidra til å styrka lokalt næringsliv og stimulera til nyskaping, seier Lene Haug.

Ungdomens hus ved idrettsparken?

AUSTRHEIM: Økonomi har bremsa utbygginga av idrettsparken. Kommunen skal no vurdere korvidt det er mogleg å byggja eit ungdomens hus saman med klubbhus idrettsanlegget.

ATLE VAAGE
atle@nordhordland.no

Arbeidet med Austrheim idrettspark vert gjort trinnsvis, og som Nh tidlegare har omtalt, har kommunen dradd kraftig i

handbrenket når det gjeldt eit nytt klubbhus med garderobeanlegg. Formannskapet sette alt vidare arbeid som ikkje var heilt nødvendig på vendt, då det vart klart at eit klubbhus slik det er skissert, vil kosta kommunen 6-7 millionar kroner.

Ungdomsklubb

Samstundes har det i lengre tid vore eit ønske frå ungdommen om å få nye lokale til Austrheim ungdomsklubb. Ungdomsklubben fekk lokale i det gamle kommunehuset på Årås, då kommuneadministrasjonen flytta inn i det nye kommunehuset

ved Mastrevik torg. Men det gamle kommunehuset er slite og prega av lekkasjar og mugglukt. Problemet vert ikkje betre av at ungdomsklubben opplever god vekst, med mellom forti og sytti unge innom kvar opningsdag.

Fordelar og ulemper

Kultureininga i kommunen peikar på at samlokalisering ved idrettsparken kan føra til at fleire unge er aktive og vert rekruttert inn i idrettsmiljøet. Dei trur og at kan føra til kontakt mellom ulike ungdomsgrupper i Austrheim. Samlokalisering

vil og gje meir rasjonell bruk av lokala, og ei lik prioritering av dei to gruppene. På den negative sida fryktar ein kollisjonar for arrangement, og at ingen får eigarforhold til huset. Eit felles bygg vil heller ikkje få garderobar og dusj, desse vil måtta vera i Austrheim-hallen.

Sjølve idrettsbana vil truleg få gjerde rundt med det første, og løpebana kjem når vørtihove tillet det.

Formannskapet drøftar vidare framdrift for anlegget og klubbhus torsdag. Saka kjem så opp i kommunestyret 19. oktober.